



Hjelmeland kommune

Det kongelige Finansdepartement
v/ Statssekretær Henriette Westhrin
Postboks 8008
0030 OSLO

FINANSDEPARTEMENTET	
12.12.2007	
Saksnr.	07/4072-12
Arkivnr.	474.5

Dykkar ref..
07/4072 SØ ARO

Vår ref.
07/1201-2/07/13351

Arkivkode:
232

Dato:
07.12.2007

UTREDNING OM BETALING FOR BRUK AV AREAL I KYSTSONEN - INNSPILL

Hjelmeland kommune syner til Dykkar brev av 15. november 2007 kor De etterspør informasjon i høve til 11 spørsmål kring kystsoneproblematikk.

Spørsmåla er i det fylgjande søkt svart så godt det lar seg gjøre på det noverande tidspunkt. Ein vil presisera at saka ikkje har vore handsama av politiske organ, då svara på spørsmåla i all hovudsak er ei skildring av tilstanden nett no. Svara er også gjeve med utgangspunkt i utgreiinga av regjeringas prinsipielle syn kring spørsmålet om at kommunane skal kunne ilegga ein slik avgift lokalt.


1. Hjelmeland kommune er ein kommune kor oppdrettsindustrien må kunne oppfattast som ein hjørnesteinsbedrift på lik line med store industriverk som smelteverket i Sauda osv. Av dette kan ein lese at store delar av kommunens kystsone er lagt ut til oppdrettsføremål, og at det er eit auka press for tilgong til ytterligare areal for slik verksemd.
2. Bruken er i hovudsak knytt til bruk av konsesjon då større og større delar av næringa har sjøbruk. Dette skapar press i høve til bruk av gjestehamnar som lokale utskipingsplassar for personar som jobbar på anlegga osv. Bruk av eigedomsrett som reguleringsgrunnlag er i hovudsak knytt opp mot anlegg for vidareforedling.
3. Det seier seg sjølva at område med sjøanlegg bandlegg andres bruk av kystsona. Det er restriksjonar på ferdsel i desse områda, noko som igjen tolkast som næringsrestriksjonar for fiskarar. Vidare er det er forureining frå anlegga i form av utslipp av biomasse, og forureining i høve til lys og støy.
4. Kva gjeld miljøspørsmål i høve til næringa har Hjelmeland kommune vald å halde seg til føringar frå nasjonale styresmaktar. Som vist til ovanfor (punkt 3) har bruken av kystsona moglege negative effektar for nærmiljøet. Dette både i høve til forureining, rømt fisk og auka transport i regionen. Samstundes gjer også bruken klare positive ringverknadar, bae direkte og indirekte, i form av arbeidsplassar og liv i eit lokalsamfunn.
5. Ja, som reguleringsinstans blir sjølv sagt andres aktivitet i kystsona utslagsgivande for kommunens reguleringar og aktivitet i høve til kystsona. Ein ser også klart at det er direkte konkurranse og motstridane interesse mellom turistindustri og

oppdrettsnæringa. Dette bår i høve til direkte turisme, besøkjande frå andre delar av landet og utlandet, men også i høve til utleige av hyttar og festeutleige. Vidare har sjølvsgt næringa innverknad på båtturismen i regionen.

6. I spørsmålet om det er liten tilgong på kystareal er svaret underleg nok ja. Hjelmeland kommune har lang kyststripe som ikkje er påverka av menneskeleg aktivitet, men desse er også så brattlendte at det ikkje er mogleg med menneskeleg aktivitet. Det byrjar å bli problematisk å få tilgong til industriareal som er knytt opp mot sjøområde. Dette særleg sidan lokaliseringa i tett tilknytting til eit regionsenter (Stavanger) gjer at kystsona er særst attraktiv for bygging av fritidsbustader, noko som er ein viktig tilleggsgnæring i kommunen.
7. Hjelmeland kommune var ein av dei fyrste kommunene i Noreg som utvikla kystsoneplan. Dette gav klare positive verknadar for både kommune og næring, i det at ein hadde klare føringar for arbeidet. Etter kvart har kystsoneplanen blitt integrert som ein naturleg del av kommuneplanens arealdel. Ved rullering av kommuneplanen har kommunen utvikla eigen analyse av tilgongen til kystsona.
8. Kommunen har noko kompetanse på å handtere spørsmål i høve til kystsoneproblematikk og marint miljø. Samstundes er korkje kompetansen eller kapasiteten større enn at ein har måtte nytte eksterne konsulentar i viktige prosessar knytt opp til utgreiingsarbeid.
9. Eit konfliktnivå vil det alltid vere mellom ulike interesse i høve til bruken av ein fellesressurs som kystsona. I Hjelmeland har konfliktane gått langs tradisjonelle konfliktaksar som oppdrettsnæring mot fiskerinæring og oppdrettsnæring mot interesser knytt til ulike bumiljø. Ein syner og til svaret på spørsmål nr 6.
10. Det er relativt klart at det ligg føre argument som peiker på at betaling for bruk av areal i kystsona vil kunne ha sakleg grunnlag. Det kanskje viktigaste argumentet er at næringa i kystsona baserar seg på bruk av fellesareal som utelukkar andres bruk av same område. Ein avgift på bruk av dette arealet vil også kunne føre til at næringa blir meir arealintensiv, og at ein vil føre betre stell med kva konsesjonar ein held aktive, og kva ein gjer frå seg. Slik det er i dag har ein ingen insentiv for korkje å vurdere å levere attende konsesjonar ein ikkje nyttar, eller å intensivere bruk av areal. Samstundes er oppdrettsnæringa så pressa i høve til internasjonal konkurransevilkår at det er eit uavklart spørsmål om det er teneleg å innføre ein slik avgift. Om avgifta vil kunne påverke betra tilretteleging av kystsona er umogleg å seie noko om, då det ikkje ligg føre nokon innretning av ordninga. Det synast på det noverande tidspunkt som at det mest naturlege er at ei slik avgift blir sedd i høve til gjeldane lovar i høve til eigedomsskatt. I så tilfelle vil avgifta berre vere ein faktor for reduksjon av konkurranseskilnader mellom landbasert og sjøbasert industri.

Hjelmeland kommune takkar for at departementet på denne måten gjer kommunane høve til å komme med innspel til det vidare arbeidet, og ynskjer Dykk lykke til.

Med helsing
Rådmannen


Øyvind Bergøy
rådmann


Vegard Thise
rådgjevar